



Hilland Sør Velforening  
Kristin Wenneberg  
5911 ALVERSUND

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/8430 - 20/54338

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:

04.09.2020

## **Svar - vedk. ønskje om overtakelse av fellesareal og felles privat veg - gbnr 134/400**

Vegen Hilland Sør velforening har ønskje om å ta over er regulert som fellesveg. Det har vore fleire høve i denne reguleringsplanen som ikkje har vore tilfredstillande. Nokre av punkta er avklart, bl.a ei avkjøyrsla over regulert fellesareal som ikkje er på reguleringsplan. Kommunen kan ikkje finne ferdigattest på denne.

Kommunen har tatt over den delen av vegen som er regulert til kommunal veg. Det er ikkje utført tilfredstillande drenering av avkjøyrsla frå den private fellesvegen, noko som har ført til at det stadig vert eit problem med vatn og ising om vinteren.

Om velforeninga ynskjer å ta over den private vegen og fellesområdet, kan ikkje kommunen fritta for dei heftelser som er knytt mot arealet. Eigar av eit areal er ansvarleg for eventuelle problem som kan oppstå.

Alle avkjøyrslar mot privat veg har etter veglova krav om drenering. Avkjøyrsla mellom privat del av vegen og kommunal veg Leitet, har ingen form for drenering slik at alt overvatn renn rett ut i kommunal veg. Etter synfaring viser det seg at vatn frå privat veg Leitet har laga seg ei renne ned mot postkassestativ på kommunal veg. Dette vatnet må samlast opp og ledast gjennom den kommunale vegen til terreng. Samstundes som ein sikrar at dagens vannføring vert leda ned mot denne sandfangkumm'en slik at det ikkje på nytt endrar retning.

Alver kommune vil råde Hilland Sør velforening om å be Romarheim/Storneset AS å utbetre følgjande før ei evt. overføring til velforeninga:

- Etablere tilfredstillande drenering ved avkjøyrsla mellom kommunal veg og privat veg Leitet.
  - Sandfangskum ved postkassestativ med utløpsrøyr gjennom kommunal veg for drenering til terreng mot sjø.
  - Kommunen sine krav til kum og røyr skal verifiserast med driftsavdeling veg i Alver kommune og før byggesak kan gi ferdigattest for den private vegdelen av Leitet, skal drensanlegget godkjennast.

### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no


Kontonummer: 13207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

www.alver.kommune.no

Organisasjonsnummer: 920 290 922

00



Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-  
avløp-forvaltning

Line M. Valle  
Tenesteleiar - Eigedomsforvaltning

Irene Wilhelmsen  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Avdelingsleiar Drift veg, vatn og  
avlaup  
Driftskoordinator - veg  
Plan og byggesak

**Mottakarar:**

Hilland Sør Velforening

5911

ALVERSUND